

Olav Andre Soltveit  
Mjukebakkane 8  
5918 FREKHAUG

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 23/3713 - 23/48074

Sakshandsamar:  
Svein Arne Vågane  
[svein.arne.vagane@alver.kommune.no](mailto:svein.arne.vagane@alver.kommune.no)

Dato:  
20.06.2023

## Løyve til bygging av landbruksveg på gnr. 353/3 Bratshaug men med lågare vegklasse for delar av vegen enn omsøkt.

Administrativt vedtak: Saknr:

### VEDTAK:

Med heimel i forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksvegar gjev Alver kommune Olav Andre Soltveit løyve til å byggje landbruksveg med trasé slik det går fram av saksutgreiinga på gnr. 353, bnr. 3 Bratshaug i Alver kommune. Det vil sei vegklasse 2 til den planlagde driftsbygningen og vegklasse 4 vidare innover beitet. Vegklassen må tilpasses seg eventuelle krav sett i eit avkørsleløyve/endringsløyve.

### Vilkår:

- Om det kjem fram kulturminne under arbeidet må alt arbeid stoggast og Vestland fylkeskommune, kulturavdelinga varslast.
- Så langt det let seg gjere skal ein unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tuffer med meir.
- Det SEFRÅK-registrerte torvhuset må ikkje råkast av tiltaket.
- Tiltakshavar lyt syte for dokumentasjon på at eventuelle massar som vert køyrt til utanfrå, ikkje er ureina.
- Veganlegget må byggjast i samsvar med krav sett i «normalar for landbruksveier – med byggebeskrivelse» for høvesvis vegklasse 2 og 4 – heilårs landbruksbilveg og for vegklasse 4 der krav om denne standaren er sett.
- Vedtaket er gyldig til 01.07.2026 og tiltaket må vere ferdig innan 01.07.2027.
- Vegen må byggjast slik det kjem fram i saksutgreiinga.
- Før arbeidet startar opp må andre løyve etter anna regelverk vere på plass. Det gjeld t.d. avkørsle/endringsløyve til avkørsle til offentleg veg. Tiltakshavar må i tillegg syte for at privatrettslege tilhøve er avklara før oppstart av anlegget.
- Området skal ryddast opp etter at arbeidet er avslutta.

Om ikkje arbeidet er sett i gong innan fristen for løyvet, fell løyvet bort, jf. landbruksvegforskrifta § 3-2.

## Saka gjeld

Olav Andre Soltveit søker om å få bygge landbruksveg i vegklasse 2 – heilårs landbruksbilveg på grunnnummer 353, nummer 3 slik som fig. 1 nedenfor om lag syner. Opphaveleg vart det sendt inn søknad om ein kortare trasé på 150m, men søknaden er no endra til å gå lenger i retning austnordaust og ut i beite. For å kome fram til bnr. 3 frå offentleg veg, lyt vegen gå over nabobruk (grunnnummer 353, nummer 16). Føremålet med vegen er tilgang til driftsbygning som etter planen skal førast opp nord for «rundkøyringa» markert i fig. 1. Denne vegen, målt frå offentleg veg, vert om lag 275m. Frå vegen som tek av mot den planlagde driftsbygningen, vert vegen om lag 240m. Denne vegen gjev tilkomst til beite – sjå fig. 1. nedanfor.




Fig. 1. Grovt oversyn over vegtraséen. Veg merka A gjeld tilkomst til planlagt driftsbygning med ei «rundkøyring der. Veg merka B gjeld vegen vidare i retning austnordaust og som skal gje tilkomst til beite.



Fig. 2. Vegen på naboeigedomen (bnr. 16) må oppgraderast kraftig. Avkjørsleløyve eventuelt endringsløyve må vere på plass før arbeidet tek til.



Fig. 3. Vegen skal opp ei lita bratt kneik...



Fig. 4. ...før den skal inn på beitet. Området for den planlagde driftsbygningen ligg til høgre før veden og «rundkøyringa» vil gå om lag midt på biletet.



Fig. 5. Vidare austnordaust skal vegen gå om lag der hjulspora er....



Fig. 6 ...før den endar i beitet om lag her (litt inn i biletet).

#### VURDERING:

Føremålet med «Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveien» er å sikre at planlegging og bygging av landbruksvegar skjer på ein måte som gjev landbruksfaglege heilskapsløysingar. Samstundes skal det leggjast vekt på omsynet til miljøverdiar som naturmangfold, landskap kulturminne og friluftsliv, omsynet til fare for flaum, erosjon og lausmasseskred og andre interesser som vert råka av framføringa av vegen.

Vegen gjev tilkomst til beite og planlagt driftsbygning på grnr. 353, bnr. 3. Vegen er i tråd med føremålet i landbruksvegforskrifta.

Prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldlova er lagt til grunn ved vurdering av tiltaket. Det er særleg lagt vekt på berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der samla belastning for økosystemet er vurdert både på staden men òg i ein større samanheng.

Etter søk i Naturbasen via gardskartet og Artsdatabanken er det funne Syllav og Bergirisk i artsdatabanken nær traséen. Begge artane er vurdert som livskraftig. Det er òg gjort funn av gauk og stær som begge er raudlista dvs dei står i fare for å dø ut i eit område. Funna er observert i høvesvis 2010 og 2014 og tek til å verte gamle. Både stær og gauk er mobile artar og vi vurderer det slik at vegen ikkje vil verke nemneverdig inn på leveområda til desse to artane.

Utover dette er det ikkje funne noko i desse søka.

Søknaden har vore sendt på høyring til regionalt kulturminnemynde og internt i kommunen for vurdering i høve i kulturminne- og friluftsinteresser. Søknaden er òg sendt til Statsforvaltaren.

Alver kommune, kultur har ikkje gjeve uttale innan fristen. Det same gjeld Statsforvaltaren.

Vestland fylkeskommune har gjeve uttale. Dei kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med automatisk freda kulturminne. Det ligg eit SEFRAK-registrert torvhus i området – sjå fig. 5. Dette ligg nær inntil traséen og tiltaket må ikkje kome i konflikt med denne bygningen. Utover dette har dei såleis ingen avgjerande merknader i saka, men held fram at ein under opparbeidning av vegen søker unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar og tuffer med meir.

Fylkeskommunen minner òg om meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2.ledd. Om automatiske freda kulturminne som funn av gjenstandar, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast frå om til Vestland fylkeskommune. Alt arbeid må då stansast til rette forvalningsstyremakt har vurdert funnet. Gransking vil verte utført mindre enn tre dagar etter at fylkeskommunen har fått teke i mot slik melding.

Det er søkt om vegklasses 2. Det kan vere at den offentlege vegen ikkje stettar krava til så høg vegklasses, noko som vil verte avklart med eit avkørsleløyve/endringsløyve. Vegklassen må såleis tilpassast slike eventuelle krav. I tillegg kan ikkje kommunen sjå at det skal vere naudsynt å byggje veg fram til beitet av slik høg vegklasses. Det må vere rikeleg å byggje ein slik veg i vegklasses 4 – sommarbilveg for tømmerbil med hengar.

Slike søknadar skal altså vurderast etter naturmangfaldslova §§ 8-12 jf. § 7. Ut frå det som kjem fram ovanfor finn vi at kravet om kunnskapsgrunnlaget i naturmangfaldslova § 8 er godt nok til å fatte vedtak. Vidare er «føre-van» prinsippet teke i vare med det kunnskapsgrunnlaget som ligg føre, slik intensjonane i naturmangfaldslova § 9 føreset. Vi kan heller ikkje sjå at den samla byrda for økosystemet er nemneverdig lidande jf. naturmangfaldslova § 10. Vegen er avgrensa i omfang og gjev heller ikkje, etter kommunen sitt syn, nemneverdige ulemper og gjev slik sett best mogleg lokalisering jf. naturmangfaldslova §§ 11 og 12.

Vegbygging som skjer på ein annan person sin eigedom, skal òg ha løyve frå den som eig grunnen. At kommunen har gjeve eit løyve til bygging, går ikkje framom manglende privat rett. Ein eventuell manglende privat rett er noko som må løysast privat, og er dessverre ikkje noko kommunen kan hjelpe med.

Det same gjeld avkørsleløyve/endringsløyve til offentleg veg, noko som må vere avklart før bygging tek til.

Vi minner om innhaldet i § 2-3 i forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksvegar står det at «*søkeren skal på forhånd ha underrettet de som blir berørt av veitiltaket og gi opplysninger i søknaden om at dette er gjort*». Vi legg til grunn at dette vert gjort.

Kommunen har med dette løyvet altså ikkje teke stilling til privatrettslege tilhøve og offentlegrettslege tilhøve som avkørsleløyve i vår vurdering/vårt vedtak.

## **Regelverk**

- Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksvegar
- Normaler for landbruksveier – med byggebeskrivelse
- Naturmangfaldlova
- Forvalningslova
- Kulturminnelova

## **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

## **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagat på i vedtaket, og kva endringar ein ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «23/3713»

Med venleg helsing  
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge  
Avdelingsleiar

Svein Arne Vågane  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Olav Andre Soltveit

Mjukebakkane 8

5918 FREKHAUG